

Veglova

§ 30.

Utan særskilt løyve frå vegstyremakta kan byggverk, her òg laus kiosk, opplag eller anna større innretning ikkje plasserast innafor byggegrenser som er fastsette i eller med heimel i [§ 29](#).

Føresegnene i første ledd skal gjelde tilsvarande for vareramper, murar og liknande innretningar, for utsprengde og utgravne rom og for nettstasjonar og andre byggverk m.v. i tilknytning til leidningar som nemnde i [§ 32](#). Det same gjeld for gjerde som kan hindre fri sikt, dersom ikkje anna følgjer av [§§ 44](#) flg.

Etter nærare føresegner som vegstyremaktene fastsett, kan skogsvirke plasserast ved offentlig veg.

§ 36.

Blir byggverk eller anna innretning som nemnt i [§§ 30](#) eller [32](#) plassert eller endra i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan vegstyremakta krevje at innretninga skal takast bort, flyttast eller endrast. Den ansvarlege lyt då bere kostnaden, dersom han ikkje sjølv syte for å ta bort, flytte eller endre innretninga innan ein fastsett frist.

§ 40.

Avkjørsle frå offentlig veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle, må avkjørsle frå offentlig veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyremakta.

Vegstyremakta kan krevje at avkjørsle frå offentlig veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.

§ 42.

Blir avkjørsle bygd eller nytta i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan vegstyremakta gi påbod om at avkjørsle skal stengast, endrast eller flyttast på den ansvarlige sin kostnad.